



forum for
natur og friluftsliv
i
Sogn og Fjordane

NVE
nve@nve.no

Leikanger 18.02.2016

Registreringsnummer

4780

Saksnummer

200805993

Høyringsfråsegn til endringssøknad for Offerdal Kraftverk i Ytre Offerdalselvi og Indre Offerdalselvi frå Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og FNF Sogn og Fjordane.

Vi viser til tidlegare høyringsfråsegn og våre synspunkt der. Desse står ved lag.

Endringssøknaden vil redusere storleiken på aggregatet i Ytre Offerdal kraftverk frå 12,0 til 9,5 MW. Dette for å unngå grunnrente på kraftverket, noko som i følgje søkjar er naudsynt for å kunne realisere prosjektet.

Søkar må med andre ord redusere det opphavleg søkte prosjektet for at Offerdal kraftverk skal kunne realiserast. Det viser til eit lite sikkert prosjekt som vi meiner då er mindre samfunnsnyttig i høve ulempene det bringer for allmenne interesser.

To ulike alternativ for inntak og vassføring i Ytre Offerdalselvi vert omtalt alt.1 og alt.2, men det er berre alt.1 som er aktuell og greia ut om i søknaden. Frå vår ståstad kan alt.2 verke meir skånsam totalt enn alt.1. Alt.1 vil redusere maks slukeemne noko, men det vil **og redusere min slukeemne!** Dette vil endre på dynamikken i elva ved å redusere denne. For Ytre Offerdalselvi vert det naturleg nok fleire dagar med vassføring større enn største slukeemne sidan denne er føreslegen mindre, medan det mest urovekkande er reduksjonen i minste slukeemne. Ny søknad om minste slukeemne på 0,11 m³/s eller 110 liter pr. sekund tykkjer vi vert ein høgare utnytting av elvi.

Ved større fare for botnfrysing av elva om vinteren kan produksjon av botndyr verte redusert i auka grad. Om dette vert tilfelle meiner vi det vil vere særskild uheldig.

Dynamikken i Indre Offerdalselvi vil verte ytterlegare redusert som følgje av endringane det er søkt om. Sjølv om aurebestanden seiast å vere tynn er dynamikk i elva viktig for utspyling og hindre nedslamming av gytegrus.

Vi er elles heilt usamde i at det berre er viktige naturtypar som har nytte av dagar med større vassføring.

Offerdalshalvøya er spesiell med særskild stor variasjon i naturtypar frå fjord til høgalpint landskap, frå turre, skrinne lier og frodige dalføre med stort biologisk mangfald med relativt få inngrep og rikt på kulturminner.

Vi kan ikkje sjå at endringssøknaden gjer Offerdal kraftverk til eit vesentleg betre prosjekt totalt og vi går såleis imot søknaden!

Med venleg helsing

Elisabeth Dahle
Forum for natur og friluftsliv
Koordinator og (sign.) sakshandsamar

SOGN OG FJORDANE TURLAG

Ron Overdevest (sign.) leiar Naturvernutvalet



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Marit Vøien Nes (sign.), - leiar

